

Giske kommune  
Valderhaug 4  
6050 Valderøya

02.05.2022

[post@giske.kommune.no](mailto:post@giske.kommune.no)

## Vedrørende søknad om omregulering av fulldyrka jord til parkeringsplass for bedehus, Vigra

Vi er kjent med at det er søkt om omregulering av fulldyrka jord til område for ny parkeringsplass til bedehus v/Vigra Indremisjon.

Vi meiner at det her er på sin plass å minna om at jordvern klart må omsyntakast i samband med behandling av søknaden. Det er i utgangspunktet deleforbod i LNF-områder, og kommunen har eit klart ansvar for å leggja til rette for utvikling av landbruket.

I perioden år 2000 – 2020 vart antal daa jordbruksareal i drift i Giske kommune redusert med ca 1.927 daa. I same perioden vart jordbruksareal i drift pr innbyggjar i Norge redusert frå ca 2,3 til 1,8 daa. Det bør dermed vera sjølvsagt at ein no er restriktiv med å tillata ytterlegare nedbygging av dyrka jord.

I kommunal- og distriktsministeren og landbruks- og matministeren sitt brev til kommunane 23.3. i år går det fram at kommunane må føra ein streng jordvernpolitikk. Dette kjem m.a. til syne i Nasjonal jordvernastrategi som vart behandla av Stortinget 16.6.2021, samt i Møre og Romsdal fylkesting sitt tidlegare vedtak om at den årlege nedbygginga av dyrka areal i Møre og Romsdal skal reduserast til maksimalt 200 daa pr år.

*Om det skulle tillatast nedbygging av dyrka jord i denne saka, vil dette vera eit vedtak som er i strid med mange av dei føringane som i dag blir gitt når det gjeld ivaretaking av dyrka og dyrkbart areal.*

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Øystein Solli

Atle Frantzen